

Førde/Askvoll18. august 2016

Det blir vist til Justis- og beredskapsdepartementet sine brev av 3. juni 2016 vedkomande samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett.

Sis støttar i hovudsak dei vurderingar og skildringar som er gitt av Justis- og beredskapsdepartementet i saka, og stiller seg bak planane om å slå saman Sogn tingrett og Fjordane tingrett til Sogn og Fjordane tingrett med hovudkontor i Førde.

I vurderinga har ein lagt vekt på at ei samanslåing av tingrettane til Sogn og Fjordane tingrett gjer at tingretten:

- får vere med i viktig og framtidsretta modernisering-/digitaliseringsprogram.
- får storleik og fagleg tyngde til å møte framtida på ein god måte, noko som igjen vil kome det rettsøskande publikum til gode og styrke evna til rekruttering av nye medarbeidarar.
- lettare vil handtere kravet om moderat spesialisering hos domarane.
- lettare vil kunne oppretthald ein desentralisert struktur, med rettsstad på Eid og retts- og kontorstad i Sogndal.
- vil stå sterkare ved ei generell utvikling og utviding av porteføljen ved dei allmenne domstolane.
- er støtta av tilsette i Sogn tingrett, advokatar i Sogn og Fjordane politidistrikt.

  
Leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord  
Olve Grotle

  
Leiar i HAFS regionråd  
Frida Melvær